

## 15. "Den nye kommunen" – møte mellom forvaltning og forskning

I samband med kommuneloven frå 1992 blei det framheva at kommunane kunne organisere seg friare. Gjennom fleire endringar i kommuneloven har ein og lagt til rette for at stadig fleire oppgåver og tenester kan ivaretakast, og blir ivaretatt gjennom interkommunale samarbeid. I tillegg har kommunane fått si eiga selskapslov, lov om interkommunale selskap. Dei kan også nytte aksjeselskap som organisasjonsform.

Kommunane har nytta seg av den auka fridommen dei fekk med kommuneloven frå 1992. Ikkje minst gjorde New Public Management-bølgen sitt til at organisering kom på dagsorden rundt omkring i kommunane (Ringkjøb, Aars og Vabo 2008). Kommunane har mellom anna lagt ut mange tenester/oppgåver i selskap og også til interkommunale samarbeid. Det finst no over 2000 kommunale selskap, og om lag 850 formelle interkommunale samarbeid (Leknes, Gjertsen, Tennås Holmen, Lindeløv, Aars, Sletnes og Røiseland 2012). Selskapsdanning er ikkje noko nytt i lokalpolitikken. Allereie på slutten av 1800-talet engasjerte kommunane seg som pionerar innan energiforsyning og etablerte både vassverk, renovasjon, m.m. Det nye er omfanget både når det gjeld talet på selskap, men først og fremst når det gjeld omsetjing og talet på tilsette. Det er også nytt at selskaps- og marknadstenkinga har fått fortfeste i kommunal verksemd (Ringkjøb, Aars og Vabo 2008). I tillegg medfører EØS-avtalen at kommunane må være bevisste på kva oppgåver som blir utført i eigen regi og dei som ligg i marknaden. Fleire tenester har blitt konkurranseksponerte, og den operative tenesteproduksjonen skjer nødvendigvis ikkje i regi av kommunen sjølv.

Desse endringane gir nye utfordringar. Mellom anna har forskinga peika på utfordringar for styringsmåttane og for kontroll- og læringssystema i kommuneorganisasjonen (for eksempel Leknes, Gjertsen, Tennås Holmen, Lindeløv, Aars, Sletnes og Røiseland 2012).

Vi ønskjer å setje søkjelyset på kor relevant den forskinga som finst på området er for den kommuneorganisasjonen vi har i dag. Kva for nye styrings- og kontrollgrep fordrar disse utviklingstrekk for kommunane? Kva for grep er gjort og kan eller bør gjerast som "svar" på disse utviklingstrekk? Kva for nye roller medfører dette for kommunepolitikarane? Desse spørsmåla er ikkje minst relevante akkurat no ettersom eit offentlig utval skal vurdere eventuelle endringar i kommuneloven.

Denne sesjonen blir organisert som eit totimars diskusjonsforum der vi let forvaltinga og forskinga komme til orde gjennom korte innlegg (10-15 min), etterfølgt av ein paneldebatt. Innlegga bør handle om enten viktige forskingsbehov eller forskingsresultat relatert til dei allereie nemnde utfordringane. Vi inviterer derfor både praktikarar (tilsette og politikarar i t.d. departement, fylkeskommune og kommune) og forskarar til å melde sin interesse. Dei som ynskjer å halde innlegg må sende eit kort abstract til gruppeleiarane.

Type sesjon: Diskusjonsforum

**Ansvarlege:** Anne-Karin Ødegård, Kommunal- og regionaldepartementet og Asbjørn Røiseland, Universitetet i Nordland.

**Kontakt:** [Anne-Karin.Odegard@krd.dep.no](mailto:Anne-Karin.Odegard@krd.dep.no) eller [Asbjorn.Roiseland@uin.no](mailto:Asbjorn.Roiseland@uin.no)